

Årsmelding 2020

Praksiskonsulentordninga (PKO) i Helse Førde har i 2020 som dei fleste andre ordningar i Norge og i resten av verda hatt eit særst spesielt år – sjølvsagt p.g.a. Covid-19 pandemien. Denne førte som kjent til nedstenging av store deler av Norge frå tidleg mars og har ikkje latt nokon jobbe i fred resten av 2020- med vidareføring inn i 2021. Helsetenesta har vore spesielt hardt ramma og dette har medført mange endringar i måtar å jobbe på.

Praksiskonsulentane i løpet av året.

Anne Stubdal, tidlegare fastlege i Stryn kommune.

Hovudkontakt for Nordfjordregionen.

Fungerte også som PKO-leiar fram til 1. oktober då ho gikk av med pensjon. Anne var første PKO i Helse Førde og hadde ei fartstid på 13 år då ho slutta. Anne har i PKO arbeidet bidrege med stor erfaring og kunnskap og ho blei takka av med ei verdig markering på Skei Hotell like før ho gikk av.

Normund Svoen, Fastlege i Florø.

Hovudkontakt for kommunar i Sunnfjord, midtre og ytre Sogn.

Webredaktør.

Overtok som PKO leiar 1. oktober 2020.

Jan Ove Tryti, Fastlege og helseleiar i Sogndal kommune.

Hovudkontakt for kommunane i Indre Sogn.

Anita Sørheim, Fastlege i Gloppen

Ny praksiskonsulent og avløyste Anne Stubdal 1. oktober 2020. Hovudkontakt for Nordfjordregionen

Som før arbeider PKO i heile føretaket med dei oppgåver som blir vurdert som viktige samhandlingssaker. Fordeling av oppgåver skjer etter geografi og kapasitet.

Døme på nye arbeidsoppgåver i 2020:

- Deltaking i «Taktisk samhandlingsgruppe» med hovudformål om å gi ut informasjon til allmennlegane i Helse Førde-området vedr samhandling omkring Covid 19 pandemien.
- Deltaking i arbeidsgrupper omkring helsefelleskap
- Samarbeid med Helse Vest om lab.tenester (IHR – interaktiv henvising og rekvisisjon – styringsgruppe og arbeidsgrupper

Kurs og møteverksemd:

Alle praksiskonsulentane er observatørar på møta i *fagrådet* i Helse Førde og møter stort sett fulltaleg på alle møter (x4 pr år).

Planlegging og gjennomføring av regelmessige samhandlingsmøter med enkeltavdelingar og seksjonar i Helse Førde – pågåande og vidareføring i 2021

Praksiskonsulentane sin kontakt med fastlegane og kommunane:

Kontinuerleg oppdatering av PKO sine nettsider i Helse Førde og regelmessig oppsummering av denne informasjonen i utsending av ePost brev «Nytt frå PKO» til alle fastlegar i området med kopi til leiarar og sentrale samhandlingsaktørar i Helse Førde.

Epost og telefonkontakt med enkeltlegar ved legekontora. I 2020 blei det også oppretta ei fane på våre sider som kunn omhandlar samhandlingsinformasjon omkring Covid 19 pandemien. Informasjonen blir gitt så lenge pandemien varer. PKO har tett kontakt med interkommunal samhandlingskoordinator og deltar i mange fellesmøter.

Praksiskonsulentane sin kontakt med sjukehuslegane:

Aktiv deltaking i fleire samhandlingsprosjekt i Helse Førde.

Uformelle og formelle samtaler med leiar og legar. Viktig informasjon frå helseføretaket til allmennlegar om samhandlingstema vert ofte drøfta med PKO og kvalitetssikrast der før utsending.

Regelmessige samhandlingsmøter med avdelingar – jfr over.

Kontakt med administrasjonen:

PKO er administrativt plassert i avdeling for stab og støtte med samhandlingssjef som vår næraste samarbeidspartnar og utviklingssjef som vår overordna. Ei rekke samarbeidsmøter og hyppig kontakt her.

Observatør-rolle i fagrådet er nyttig ifht til det ansvarsområdet PKO har. Nær kontakt med klinikksjefar og fagdirektør.

Praksiskonsulentane sitt ansikt utad:

Praksiskonsulentane sender regelmessig ut e-postar med viktig informasjon frå PKO nettsida til allmennlegane i fylket samt til sjukehuslegar og administrasjonen i Helse Førde og fylkeslegen jfr over.

PKO har begrensa informasjon om kor mange som opnar epostane eller er innom nettsidene, men det blir stadig gitt tilbakemelding om at informasjonen som blir lagt ut er relevant og nyttig ifht samhandlinga mellom primærlegane og helseforetaket. PKO syter for oppdaterte e-post-lister til dei fleste allmennlegar i Helse Førde området. I samarbeid med interkommunal samhandlingskoordinator blir det også holdt oppdatert liste over køfrie telefonnummer ved legekontora som i neste omgang er tilgjengeleg for behandlarar i Helse Førde. I dette inngår også videokonferanse-adresser bl.a. til sjukeheimar.

Nettside

Nettsida til PKO vert regelmessig oppdatert, og det blir jobba aktivt med å marknadsføre denne sida både for sjukehuslegar og primærlegar. Vona er at dette kan vere ein viktig informasjonskanal mellom tenestenivåa.

<https://helse-forde.no/samhandling-i-sogn-og-fjordane/praksiskonsulentordninga-pko>

Samhandlingssida til helseforetaket er også ein nyttig kanal for informasjon, og vi har god kontakt med administrator av denne sida for å få ut informasjon der som vi meiner er viktig.

<https://samhandling-sfj.no/>

Ein del viktig PKO stoff er også lagra der i eit arkiv.

<https://samhandling-sfj.no/samhandlingstiltak/praksiskonsulentane/>

Tankar om vidare arbeid:

Praksiskonsulentane har i 2020 vidareført arbeidet frå tidlegare år. Vi jobbar stadig meir desentralisert og i 2020 har bruk av digitale møter vore regelen. Erfaringa er at dette som oftast er gode møteformer og samtidig bidreg til at vi kan delta i mange ulike prosjekt utan å måtte bruke mykje tid på reising.

Det er likevel viktig inni mellom å treffast ansikt til ansikt, og vi vil prioritere fysiske møtepunkt også i vårt vidare arbeid når smittesituasjonen tillet dette.

Vi ser fram til vidare arbeid i 2021, med god kontakt både med leiinga i Helse Førde, sjukehusavdelingar, kommunar, legar i spesialisthelsetenesta og legar i kommunane.

Førde, januar 2021

Praksiskonsulentane i Helse Førde

Anita Sørheim anita.sorheim@helse-forde.no

Jan Ove Tryti jan.ove.tryti@helse-forde.no

Normund Svoen (PKO leiar) normund.rolleiv.svoen@helse-forde.no